

DEN NORSKE KYRKJA

Bremnes sokneråd

Møtebok

BREMNES SOKNERÅD

Desse møtte: Jarle Havn, Anne Berit Hope, Lene Nesse, Per Nygård, Odd Kåre Sakseid, Anne Lie Steinsbø, Asbjørn Gundersen, Berit Hallaråker og John Olav Habbestad.

Møtestad: Bremnes Kyrkje
Tid: Tirsdag 08.05.2018.kl 19.00

Sak 04-01-18: Innkallinga vart godkjent

Sak 04-02-18: Godkjenning av møtebok 3 09.04.2018

Sak 04-03-18: Referatsaker
• Møtebok 4 frå AU 23.04.2018

Sak 04-04-18: Orienteringssaker

Sak 04-05-18: Godkjenning av offer- og kyrkjevertliste
• Odd Kåre Sakseid la fram ny offer- og kyrkjevertliste og desse vart godkjente i Soknerådet. Når det er kollekt med utgongen bør ein evaluera korleis ein legg betre tilrette for bruk av Vipps.

Sak 04-06-18: Innspel til fellesrådet om trong til midlar til vedlikehald av kyrkja
• Det er ynskje om å vaska og vedlikehalda inngongspartia samt å olja ytterdørane til kyrkja. Soknerådet er utfordra til å koma med innspel og forslag til nødvendig vedlikehald av kyrkja. Ein diskuterte temaet og kom fram til at inngongspartia treng å vaskast og ytterdører oljast opp att. Det er og noko slitt maling ved inngongspartia. Soknerådet kom med forslag til aktuelle handverkarar som kunne kontaktast.

Sak 04-07-18: Søndagskule under gudstenesta
• Ei tid fungerte søndagskule under gudstenesta godt. Dette tilbodet har no vore nede ei stund, men har vore sakna. Soknerådet vart samde om å utfordra Gudstenesteutvalet til å finna nye leiarar til å starta opp at søndagskulearbeidet.

Dersom du ikkje kan møta, ver snill å gi beskjed til Berit Hallaråker berit.h@haugnett.no

Berit Hallaråker
leiar

Jarle Havn
Sekretær